Møteinnkalling

Utvalg:	**Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**
Møtested:	Herangtunet, Heggenes, Valdres
Dato:	18.11.2019
Tidspunkt:	12:30

Eventuelt forfall må meldast snarast til Kari Sveen.
Vararepresentanter møter etter nærare beskjed.

Herangtunet ligg litt sør for Beitostølen, Vølbusvegen 17, 2940 Heggenes.

Program

12:30: Frammøte Herangtunet med enkel matbit ved ankomst

13-16: Styremøte

16:00: Middag

Mikrokraftverk Skogadalsbøen var varsla på førebels sakliste, men denne kjem som ei orienteringsak. Dette skuldast at det langt etter høyringsfristen kom ein tilleggsuttale frå Fylkesmannen i Vestland som kravde ein omfattande gjennomgang frå tiltakshavar. Denne låg føre for seint til at eg kan leggje fram eit godt gjennomarbeidd saksframlegg som grunnlag for vedtak om dispensasjon og eventuell konsesjon.
Med ein gjennomgang av saka i det komande møtet, kan kanskje vera aktuelt med eit telefonmøte for oppfølging og behandling av saka før jul? Nasjonalparkstyret får avgjera dette, i samband med orienteringa.

I samband med sak om tiltaksmidlar har vi følgjande presentasjonar
* SNO v/ Rigmor Solem – Gjennomgang av utførte tiltak og saker for oppfølging
* Nasjonalparkforvaltarane – Orientering om status og planlagde tiltak, med hovudvekt på tilrettelegging i Utladalen og på utsiktspunktet ved Vettisfossen

Med helsing

Kari Sveen
Nasjonalparkforvaltar

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 39/2019	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 40/2019	Referatsaker		
RS	Informasjon fra oppfølgende befaring i Gråsubekken og Bergenussa		2019/15728
RS	Orientering om vedtak i Lom kommune: Dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for opprusting og utviding av Memurubu kraftverk		2018/618
RS	Statistikk for Gjendebåten 2019		2019/18641
RS	Klage - støy fra drone i Hurrungane - Kjetil Nordanå		2019/18451
RS	Etablering av infrastrukturtiltak i nasjonalparkene - manglende ressurser til drift		2019/4706
RS	Jotunheimløpet 2020 - Jotunheimen Hundekjørarlag		2019/9193
RS	Skogedalsbøen Mikrokraftverk. Svar på tilleggsfråsegner fra Fylkesmannen i Vestland.		2019/8456
ST 41/2019	Delegerte vedtak		
18/2019	Delegert vedtak - Avslag - Jotunheimen NP - filming med drone 07.09.19 - Galdhøpiggen - Smart Elektro		2019/16449
19/2019	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Transport til Glitterheim for dagsenterpasientar - Lom kommune		2019/16338
20/2019	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Avslag - Motorferdsel - 2019 - Transport av utstyr til Glitterheim - Studentgruppe NTNU		2019/16375
21/2019	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Avslag på dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Båttransport til Gjendebu i samband med bryllup - Hans-Jørgen Vilsvik		2019/17144
22/2019	Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone for søk etter sakna kalv - Storådalen Beitelag		2019/17123
23/2019	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Transport til Glitterheim - Hanne Bakken		2019/16376
24/2019	Delegert vedtak -Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Transport til Glitterheim i samband med feiring av 80-årsdag		2019/16160
ST 42/2019	Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Riving av eksistarende og oppføring av nytt naust ved Rundhaugtjønne i Luster - 2015/1/10 - Stokk og Stein - Sognefjellshytta		2019/18592
ST 43/2019	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidlar og bestillingsdialog 2020		2019/19735
ST 44/2019	Eventuelt		

ST 39/2019 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 40/2019 Referatsaker

Informasjon fra oppfølgende befaring i Gråsubekken og Bergenussa	**2019/15728**
Orientering om vedtak i Lom kommune: Dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for opprusting og utviding av Memurubu kraftverk	**2018/618**
Statistikk for Gjendebåten 2019	**2019/18641**
Klage - støy fra drone i Hurrungane - Kjetil Nordanå	**2019/18451**
Etablering av infrastrukturtiltak i nasjonalparkene - manglende ressurser til drift (frå Langsua NP-styre)	**2019/4706**
Jotunheimløpet 2020 - Jotunheimen Hundekjørarlag	**2019/9193**
Skogadalsbøen Mikrokraftverk. Svar på tilleggsfråsegner fra Fylkesmannen i Vestland.	**2019/8456**

ST 41/2019 Delegerte vedtak

18/2019 Delegert vedtak - Avslag - Jotunheimen NP - filming med drone 07.09.19 - Galdhøpiggen - Smart Elektro	**2019/16449**
19/2019 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Transport til Glitterheim for dagsenterpasientar - Lom kommune	**2019/16338**
20/2019 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Avslag - Motorferdsel - 2019 - Transport av utstyr til Glitterheim - Studentgruppe NTNU	**2019/16375**
21/2019 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Avslag på dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Båttransport til Gjendebu i samband med bryllup - Hans-Jørgen Vilsvik	**2019/17144**
22/2019 Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2019 - Bruk av drone for søk etter sakna kalv - Storådalen Beitelag	**2019/17123**
23/2019 Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Transport til Glitterheim - Hanne Bakken	**2019/16376**
24/2019 Delegert vedtak -Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2019 - Transport til Glitterheim i samband med feiring av 80-årsdag	**2019/16160**

Arkivsaksnummer:	2019/18592-4	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	11.11.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	42/2019	18.11.2019

Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - 2020 - Riving av eksistarende og oppføring av nytt naust ved Rundhaugtjønne i Luster - 215/1/10 - Stokk og Stein - Sognefjellshytta

Innstilling frå forvaltar

Sognefjellshytta v/ Råmund Mundhjeld får med heimel § 3, pkt. 1.3 c) i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark løyve til å byggje opp att naust ved Rundhaugtjønne, i samsvar med søknad av 25.10.2019 frå Stokk og Stein AS om byggjearbeid på gnr. 215, bnr.1, fnr.10 i Luster kommune. Dispensasjonen gjeld med følgjande vilkår:

- Naustet skal oppførast som erstatningsbygg for eksisterande naust, på same tomt og med same storleik som det gamle naustet som skal rivast.
- Storleik er oppgjeve til same arealet som på bygg som skal rivast – jf. byggjeteikning: Lengde 5,7 meter – breidde 3,10 meter – mønehøgde 1,70 meter pluss grunnmur. Total høgde kan vera maksimalt 2,15 meter – som målt på det gamle naustet.
- Materialvalg: Naustet er planlagt oppført i same stil som det gamle naustet, og kan påførast tjøre/beis/jernvitrol i grå-/brunfarge i nyanse tilpassa fargane i landskapet. Det skal ikkje nyttast heildekkande måling. Taket skal ha mørk og matt overflate.
- Det gamle naustet skal rivast, og alle restar skal fraktast ut og leverast i tråd med godkjenning frå kommunen, som er myndigheit etter PBL og forureiningslova.

I tillegg blir det etter § 3, pkt. 6.3 f) i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark gjeve løyve til nødvendig motorferdsel i samband med byggearbeidet. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Inntil 3 hiv med helikopter for transport av materialar/utstyr, og ved eventuelt behov eitt hiv ekstra for transport av avfall og utstyr i samband med avslutting av byggjearbeidet.
- Løyve til helikopterflyging gjeld frå 01.juni – 30.september 2019. Flyging må skje på vekedag, ikkje i helg, og helst utanom fellesferien. Utgangspunkt er Sognefjellshytta.
- Lokalt SNO skal varslast per telefon/SMS seinast dagen før transport (tlf. 959 65 158).
- Dato og tal helikopterturar skal rapporterast til nasjonalparkforvaltar innan ein månad etter utført oppdrag.

Det er ein føresetnad at grunneigar ikkje har innvendingar og at det blir gjeve løyve av Luster kommune etter reglane i plan- og bygningslova, og som myndigheit etter motorferdsellova.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. Søknad av 25.10.2019 frå Stokk og Stein AS om dispensasjon for riving av eksisterande naust og nytt erstatningsbygg med same storleik ved Rundhaugtjønne i Luster kommune
2. Notat datert 03.10.2016 frå Magnus Snøtun
3. Mail av 03.10.2016 frå Luster kommune, orientering om saksbehandling.

Saksopplysningar

Stokk og Stein As søkjer på vegne av Sognefjellshytta om dispensasjon for utskifting av naust ved Rundhaugtjønne i Luster kommune. Teikning vedlagt søknaden viser prosjektet:



Dei søkjer også om motorferdsel knytt til gjennomføringa:
«I forbindelse med søknad om oppføring av nytt naust på Rundhaugtjønne, så søker vi og om løyve til å nytte helikopter for å frakte inn nytt naust, samt at en da tar med restene av det gamle naustet i retur. De vil dreie seg om av 3 hiv.»

Det vart gjort ei førebels vurdering av saka i 2016, med følgjande oppsummering i notat av 03.10.16 frå daverande forvaltar, Magnus Snøtun:

«Fysiske mål:

Eg var inne på synfaring den 14.september for å ta mål og bilete. Takåsen var knekt og eg måtte ta må av det som stod att. Bygget var nok tilpassa den større trebåten som låg øydelagt utanfor, men ein nyare plastbåt låg inne i bygget. Terrenget er litt skrått ned mot vatnet. Noko høgare mur i forkant. Mål på bygget:

- *Grunnflate: 3,07m x 5,8m*
- *Høgde bakvegg: 1,95m*
- *Høgde langvegg: 0,96m i bakkant og 1,15m i forkant*
- *Høgde framvegg: Falt saman og uråd å måle. Ut frå mål bakvegg: 2,15m.*
- *Portdørene: Høgde 1,40m, breidde 1,8m*

Andre moment:

Ikkje behandla trevirke og takpapp. Bygget synleg frå eine t-merka stien mellom Sognefjellshytta og Skogadalsbøen. Men bygget er naturleg gråna og lite synleg frå avstand.



Figur 1: Plassering. Raud prikk

Figur 2: Naust ved Rundhaugstjønnet. Utsyn mot T-merka sti på andre sida av vatnet.

Figur 3: Forkant av bygget falt ned, men portane stod.

Byggesaksavdelinga i Luster kommune har gjeve slik orientering om behandlinga etter plan- og bygningslova:
«I den grad naustet er i så dårleg forfatning at restane må rivast før nytt kan førast opp att vil oppføring av nytt naust vera søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Fjerning av dei gamle restane vil ikkje vera søknadspliktig grunna omfanget, men avfallet skal handsamast i samsvar med forureiningslova.
Vanleg vedlikehald av naustet ville ikkje vore søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Dersom nasjonalparkstyret er positive til oppattbygging av naust tilsvarande det som var der, vil vanleg praksis vera at det vert gitt byggjeløyve. Dersom kommunen får søknaden først vil den bli sendt Nasjonalparkstyret og eventuelt andre instansar for handsaming/uttale.»

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Byggje- og rivingssøknaden skal også behandlast av kommunen etter reglane i plan- og bygningslova. Kommunen er også myndigheit etter forureniingslova ang. rivingsavfall.

Verneformål – forskrift

§ 3 pkt. 1.1 slår fast at det skal vera eit generelt vern mot inngrep i landskapet.
Pkt. 1.3 opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til ymse definerte tiltak, m.a.:

c) *Gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som er øydelagde ved brann eller naturskade.*

Siste ledd i pkt. 1.3 gjev vidare føringar for utsjånad på nye bygningar:
«Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal byggeskikk når det gjeld utforming, fargar og materialbruk, og skal tilpassast landskapet.»

§ 3 pkt. 6.1 set forbod mot motorferdsel:

«Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.»

Pkt. 6.3 opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til definerte tiltak, m.a.:

f) Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretningar.

Forvaltningsplan

(rettleiande utkast frå 2008)

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument. Sognefjellshytta og Rundhaugtjønne ligg i teig 9, brukssone med store kvalitetar som skal ivaretakast: «*Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.*»



«Overordna strategi for sona:
Tilrettelegginga som er i området i dag kan med få unntak haldast vedlike eller fornyast. Utanom mindre justeringar/endringar skal ikkje koma nye tiltak som merkte stiar, byggverk m.m (vil berre bli vurdert i heilt spesielle tilfelle). - - -»
Det er ikkje gjeve særskilde føringar for bygningane innan teig 9, Fanaråken. Det er generelle retningslinjer i kap. 8.2 – *TURISTHYTTER OG ANDRE HYTTER, BUER OG NAUST:*
«Det vil i utgangspunktet ikkje bli gjeve løyve til nye bygg utover dei som det tidlegare (i samband med handsaminga av vernevedtaket) er gjeve løyve til. Alle nybygg, utvidingar og vedlikehald skal utførast i tradisjonell og lokal byggestil og på ein slik måte at det i minst mogleg grad bryt med natur- og kulturlandskapet og eksisterande bygg i området.»

Naturmangfaldlova

Søknaden blir vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

Presedens

Det er etablert praksis å gje løyve til vedlikehald og fornying av eksisterande tilrettelegging. Dette er eit nybygg, men sidan den skal erstatte eit eksisterande byggverk blir det vurdert å vera i tråd med etablert praksis og i samsvar med forskrifta § 3 pkt. 1.3 c).

Vurdering

Eksisterande naust ved Rundhaugtjønne er øydelagt av snøen, jf. fotodokumentasjon.
Det er søkt om løyve til å erstatte det gamle naustet tilhøyrande eigar av Sognefjellshytta med eit tilsvarande bygg. Samtidig vert det og søkt om løyve til frakting av materialar til byggeplassen med helikopter og uttransport av rivingsmaterialane.
Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til *«Gjenoppføring av bygningar, anlegg og innretningar som er øydelagde ved brann eller naturskade»* (§3, 1.3c). til «*Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av*

materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretningar.» (§3, 6.3f). Tiltaket er såleis innanfor rammene for kva ein kan gje løyve til.

Nasjonalparken er verna mot inngrep som endrar landskap, men byggjeteikningane viser ein tilnærma kopi av det gamle naustet. Eksisterande naust er av ubehandla treverk som er naturleg gråna, og med tak dekt av papp. Det går ikkje fram av byggjesøknaden kva taktekking som er vald, men det er viktig å velja utforming som går mest mogleg i eitt med landskapet. Det bør derfor stillast krav til at farge- og materialval følgjer tradisjonell byggjestil og har god tilpassing til landskapet. Det bør veljast grå-/brunfarge på treverket, og taket må ha matt og mørk farge for at bygget skal skilje seg minst mogleg frå omgjevnadene.
Høgda på naustet er på teikninga målsett til 95 cm gesimshøgde og 85 cm frå gesims til topp av mønet. I tillegg kjem grunnmuren, som ifølgje teikningane er naturstein. Det er skrånande terreng, slik at muren må tilpassast med litt varierande høgde. Dersom det blir nytta betong bør ein dekkje til med stadeigen stein/jord/mose for best mogleg landskapstilpassing.

Motorferdsel og transport:
Dette prosjektet krev transport av materialar og utstyr. Det er søkt om transport med helikopter. I forvaltningsplanen er dette i ei sone som kan ha noko grad av tilrettelegging. Det er ingen eller få rein her på sommaren, og heller ikkje registrert andre sårbare artar som vil bli negativt påverka av tiltaket (nml § 8). Transporten vil gje noko støy i eit avgrensa tidsrom, men ved bruk av helikopter får ein aktivitet/støy konsentrert til eit kortast mogleg tidsrom (nml §12 – *Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*). Med innflyging frå Sognefjellshytta vil det ikkje vera konflikt med dyrelivet. Av omsyn til friluftslivet bør motorferdsel unngåast i helger og i ferietida – jf. siste ledd i verneforskriftas § 1 (formålsparagrafen), som legg vekt på at *«Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»* Det er vidare viktig med god planlegging av transporten, for å halde samla omfang av motorferdsel på eit minimum (§§ 9 og 10 i nml om økosystemtilnærming og samla belastning). Omfanget er anslått til ca 3 hiv, men ved vanskelege vertilhøve kan pilotane ønskje fordeling av lasta på fleire turar. Det kan derfor vera aksept for inntil 4 flygingar. § 11 i naturmangfaldlova blir ikkje vurdert som relevant for denne saka.

<u>Konklusjon:</u>
Bygget har ei enkel utforming som fell godt inn i høgfjellslandskapet. Innverknad på landskapet er ikkje større enn det eksisterande som skal rivast.
Innflyging frå nord/Sognefjellshytta vil gje minimal flyging inn over nasjonalparken.

Arkivsaksnummer:	2019/19735-1	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	11.11.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	43/2019	18.11.2019

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidlar og bestillingsdialog 2020

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen sluttar seg til at det vert søkt om tiltaksmidlar for 2020 via elektronisk søknad til følgjande tiltak – jf. vedlagt forslag til tiltaksplan:

Informasjon/tilrettelegging i tråd med besøksstrategi og forvaltningsplan

- Utsiktsplattform Vettisfossen, forprosjekt tilrettelegging og sikring
- Fornying av informasjonstavler til nytt design
  - Utladalen/Hjelle, oppfølging av forprosjekt
  - Spiterstulen
  - Leirvassbu
  - Bygdin
  - Eidsbugarden
- Utsiktspunkt ved pilot innfallsport Sognefjellshytta – namn på fjelltoppar
- Brukarundersøking, fullføring analyser
- Temabrosjyre dyre- og planteliv
- Nettside med ny design

Vedlikehald av stinettet i Jotunheimen og Utladalen. Prioritering av tiltak etter tildeling

- Vedlikehald og førebyggande tiltak på plassar med erosjon; m.a. mot Vettisfossen
- Kanalisering og erosjonssikring av parti på stigen frå Spiterstulen mot Galdhøpiggen
- Kanalisering og sikring av Besseggenstigen ved Bandet

Skjøtsel, vidareføring av etablert opplegg:

- Slått på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styrt beite på Skåri, Avdalen og Vetti (heimre Utladalen)
- Styving/rising av alm og lind. Vedlikehald av styvingstre i heimre Utladalen
- Krattrydding/vedlikehald Guridalen
- Styrt beite ved Gjendebu (geit)
- Styrt beite ved Gjendebu (storfe)
- Kratt og skogrydding/vedlikehald Gjendebuområdet
- Slått av kve ved Gjendebu blir utført annakvart år – ikkje i 2020.

Forvaltningsplan

- Kartlegging av bygningar i nasjonalparken og landskapsvernområdet, under arbeid
- Bestandsutvikling jaktfalk

Andre tiltak

- Vedlikehald og drift av eksisterande tiltak
- Bestilling av standard skilt frå Grafika
  - Supplere med droneforbodsskilt, der desse manglar
  - Nye skilt om bandtvang, med gjeldande tider for kvar kommune

Endeleg prioritering av tiltak blir gjort på nyåret 2020, etter at tildeling av midlar er klart. Nasjonalparkstyret vurderer god besøksforvaltning som ei særleg viktig oppgåve, da dette skal gje grunnlag for bruk av verneområda som ein ressurs for lokalsamfunnet. For å kunne nytte nasjonalparkane som merkevare og trekkplaster i reiselivet, er det nødvendig at bruken skjer på ein berekraftig måte som ikkje går ut over verneverdiane. Det må derfor satsast på informasjon, kanalisering av ferdsel utanom sårbare område, og stivedlikehald, restaurering og tilrettelegging i område definert som brukssoner med meir intensiv bruk.
Vidareføring av etablert skjøtsel av kulturlandskap

Bestilling av tenester frå SNO:

- Oppsyn med fokus på utvalde arrangement
- Oppfølging av ferdselsteljarar (eco-counter) i Utladalen, på Sognefjellet, mot Galdhøpiggen frå Visdalen og Knutshøe. 1 ny + batteri til eksisterande
- Nye skilt: Standard droneskilt og informasjonsskilt bandtvang på aktuelle innfartsårer
- Administrasjon av tilrettelegging og vedlikehald stignett. Kartlegge behov
- Oppfølging av prioriterte skjøtselstiltak i medhald av plan
- Kartlegging og overvaking av rovfuglar og villrein
- Oppsyn/kontroll av motorferdselløyve på vinterføre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Klima- og miljødepartementet - *Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene*
- Oversending ved e-post av 12.11.19 frå Miljødirektoratet - *Rammer og opplegg for Fylkesmannen og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og bestilling av tjenester fra SNO - 2020*
  Vedlegg til bestillingsbrevet
  - *Strategi for bruk av tiltaksmidler 2020-2025*
  - *Notat om festeanordninger for verneskilt*
  - *Skjema for innspill om ønsket SNO-ressurs*
- Besøksstrategi for Jotunheimen og Utladalen, godkjent 07.11.12, med seinare justeringar
- Forslag til tiltaksplan 2020-2022 (vedlegg 1)
- Utfylt skjema for ønskt SNO-ressurs (vedlegg 2)

Saksopplysningar

Under saksførebuinga har det vore god dialog mellom forvaltar og lokalt SNO, med Skype-møte 8. november. Bestillingsbrev frå Miljødirektoratet med strategi og rammer for bruk av tiltaksmidlar vil normalt liggje føre innan 1. november, men i år kom desse dokumenta først 12. november. Dialogmøtet med lokalt SNO måtte derfor gjennomførast før ein fekk dette skrivet. Nasjonalparkforvaltarane og Rigmor Solem i SNO vil orientere nærare om gjennomførte tiltak i 2019 og plan for aktuelle tiltak 2020-22 i møtet.

Det er sett opp eit felles utkast til tiltaksplan for verneområda for perioden 2020-22, vedlegg 1. I tillegg er bestilling/forventningar til SNO si verksemd lagt inn i eige skjema (vedlegg 2). Bestillinga omfattar både kontroll, overvaking/registrering og utføring av skjøtsel og tilrettelegging.

I tillegg til vidareføring av skjøtsel og andre oppstarta eller tidlegare varsla prosjekt, ser ein følgjande nye aktuelle prosjekt for 2020, basert på eigne registreringar og innkomne innspel:
- Oppgradering av utsiktspunktet ved Vettisfossen – jf. synfaring i styremøtet 21. juni 2019
- Oppgradering av informasjon ved innfallsporten Utladalen, i tråd med ny merkevare
- Temabrosjyrer og nettside med ny design

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter revidert 13.08.2015.

Overordna føringar

Strategi for bruk av tiltaksmidler 2020-2025 frå Miljødirektoratet gjev m.a. følgjande føringar:
«Det overordnede målet for forvaltning av verneområder er å ivareta verneformålet og verneverdiene i det enkelte verneområde. Postbeskrivelsen for post 1420.31 Tiltak i verneområde, gir viktige formelle rammer for hvordan tiltaksmidlene skal disponeres. Størrelsen på tiltaksposten avsettes i hvert års statsbudsjett og har i de siste årene økt. I statsbudsjettet for 2019 (Prop.1S (2018-2019) står følgende:
"Midlane går til tiltak som er naudsynte for å ta vare på verneverdiane, inkludert utgreiingar som er naudsynte før tiltak, informasjonstiltak og skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Tilretteleggingstiltaka omfattar opparbeiding av stigar, klopping og merking for å betre tilgjenget i verneområda og samstundes styre ferdsla i og rundt sårbar natur i verneområda. Midlane nyttast òg til informasjonstiltak i alle typar av verneområde i samband med ny merkevare for Noregs nasjonalparkar og til utarbeiding av besøksstrategiar for nasjonalparkar og andre verneområde med store besøkstal eller særskilde utfordringar. Alle tiltak skal vere i tråd med godkjent forvaltings-/skjøtselsplan for verneområda og andre relevante styringsdokument."
- - -
Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene.
For å kunne ivareta verneverdiene innenfor verneområder, vil det av og til være nødvendig å gjennomføre tiltak også utenfor verneområdene. Dette betinger samarbeid og avtale med grunneiere.
- - -
For å oppnå en god forvaltning av verneområder, kan det være nødvendig med generelle naturkartlegginger, sårbarhetsvurderinger, brukerundersøkelser, utarbeidelse av forvaltnings- og skjøtselsplaner, overvåking og utarbeidelse av nettsider o.a. Slike tiltak finansieres ikke over kap./post 1420.31, men over andre budsjettposter.»

Strategien framhevar følgjande føresetnader for tildeling av midlar:
«Tiltak skal være forankret i en skjøtsels- eller forvaltningsplan, en besøksstrategi for området eller andre relevante styringsdokumenter.
I forkant av innmeldingen må formaliteter rundt tiltaket være avklart, som planavklaringer og innhenting av nødvendige tillatelser for gjennomføring av tiltaket. I tillegg må eierforhold og tilsyns-/drift- og vedlikeholdsavtaler være avklart.
I Handlingsplan for styrket forvaltning av verneområdene er det presisert at "For større installasjoner som fugletårn mv. er det krav om en betydelig samfinansiering fra andre for å kunne prioritere tiltaket. Videre må eierforholdet og vedlikeholdsansvaret avklares på forhånd."»

Vurdering

Vedlagt tiltaksplan viser aktuelle tiltak for søknad om midlar.
Innføring av nytt design i tråd med merkevaren *«Norges Nasjonalparker»* blir gjennomført trinn for trinn. Alle innfallsportane med informasjon er med i tiltaksplanen, for å vise samla tilrettelegging. Tiltak som er utført i tråd med merkevaren er markert med grønt i vedlegget.

Informasjon og tilrettelegging i tråd med besøksstrategien
Oppfølging og vidare utvikling av besøksstrategien som vart vedteken i 2012 må få høg prioritet i åra framover. Strategien er under revisjon, men både arbeidet med forvaltningsplan og besøksforvaltning har dessverre stoppa opp pga eit heilt års vakanse i forvaltarstillinga på vestsida. Også informasjonstiltak som ein skulle gjennomføre saman med fjellsenteret er sett på vent. Det merkast godt at forvaltninga i Jotunheimen nå har tapt bortimot eit årsverk, og det er svært beklageleg at arbeidet med rekruttering av vikar ikkje har hatt høgare prioritet. Vikaren, som omsider kom på plass i oktober 2019, vil m.a. arbeide med planlegging av informasjonstiltaka ved innfallsporten i Utladalen. Her er det viktig med god dialog med Årdal kommune, og det er bra at ein nå har fått ein medarbeidar som kan følgje opp saka lokalt.

Det er svært mange som gjestar Jotunheimen, og ein må derfor leggje stor vekt på tiltak som kan bidra til verdiskaping utan forringing av verneverdiane, og til å gje besøkande gode naturopplevingar. Infrastrukturtiltak som kan gje grunnlag for bærekraftig næringsutvikling i kommunane rundt nasjonalparken bør ha høg prioritet. Brukarundersøkinga som er under arbeid vil kunne bidra til å avdekke kva tiltak som er særleg etterspurt av brukarane.

I områda med størst besøkstrykk trengst årlege ressursar for reparasjonar og restaurering av stinettet. Dette gjeld særleg i områda Besseggen/Gjende, Galdhøpiggen og Vettisfossen, men også på utsette strekningar langs Fv. 55, der mange stoppar og tek ein avstikkar eller lengre tur inn mot nasjonalparken. Elles vil ein kvart år registrere punkt som krev oppfølging, avhengig av slitasje og erosjon etter smeltevatn. Sentrale punkt får utplassert ferdselteljarar for å kunne følgje utviklinga over tid.

Pilotprosjekt, avslutning
Pilotsatsinga for impelementering av den nye merkevaren er nå avslutta, og Jotunheimen kan si seg tilfreds med det ein har oppnådd. Gangbrua over Fantesteinvatnet vart tildelt Stålkonstruksjonsprisen for 2019. Den samla tilrettelegginga langs Fv. 55 gjev eit synleg og godt døme på den nye merkevaren, med utkikkspunkt Sognefjellet og startpunkta Turtagrø og Krossbu. Tilrettelegginga har vore komplisert, men utfordringar knytt til snøskader på rekkverk på gangbaner ut mot halvøya i Fantesteinvatnet vonar ein at nå er løyst gjennom ein ny variant av rekkverk, med vaier i staden for fast handlist. Glastavlene er derimot ikkje av bra nok kvalitet, så her blir det reklamasjonssak som Miljødirektoratet vil følgje opp.

Vidare arbeid med utvida informasjon retta mot dei reisande på vegstrekninga er planlagt i samarbeid med informasjonssenteret Norsk Fjellsenter. Det er ønskjeleg å få få på plass eit informasjonspunkt med namn på fjellrekkene som ein ser frå utsiktstoppen i tilknyting til den opparbeidde turen i tilknyting til utkikkspunktet ved Sognefjellshytta. Frå toppen ser ein mot Smørstabbtindane, Hurrungane og Fannaråken. Ved Krossbu ligg det svært godt til rette for geologivandring inn mot nasjonalparkgrensa ved Bøverbreen, da det her er svært tydelege kvartærgeologiske formasjonar som eignar seg for formidling. Ein vil også vurdere om baksidene av ståltavlene kan nyttast til meir informasjon eller dekor. Turtagrø har ønskt å få eit blikkfang også på den sida som dei ser oppe frå tunet på turisthytta, og også frå Krossbu ser ein berre baksidene av skilta. Turistvegprosjektet også tankar om mogleg samarbeid.

Gjennomføring av merkevaresatsinga på alle innfallsportar
Informasjon ved andre innfallsportar må fornyast til ny profil så snart økonomien tillet det, og plassane med manglande eller særleg utdatert informasjon blir prioritert. Ved Gjende og Reinsvangen er informasjonen tilpassa formatet til Nasjonale Turistveger og plassert i deira samla informasjonspunkt. Vidare informasjon langs Nasjonal Turistveg Valdresflye må skje i dialog med turistvegprosjektet, og tilpassast konstruksjonar som blir sett opp av vegvesenet. Informasjonstavler ved Leirvassbu og Spiterstulen bør fornyast til ny design. Eksisterande stativ / skiferplater bør kunne brukast brukast til dei nye skilta. Skiltet på informasjonstavla ved brygga på Bygdin må skiftast til ny design. Det må også arbeidast for betre synleggjering av nasjonalparken ved Eidsbugarden. Plassen ved bommen i Veodalen er under oppgradering, og nye skilt vil koma opp før sommarsesongen 2020.

Større informasjons- og tilretteleggingstiltak:

Innfallsporten ved Hjelle i Utladalen

treng ei generell oppgradering og skilting etter ny merkevare. Det vart inngått avtale om eit forprosjekt i 2017/18, der det vart sett av ressursar til å få fram ein plan for utskifting av gamle informasjonstavler og skilt. Naturhuset leverte ein enkel oversikt på ønskt informasjon på nyåret i 2019, men her manglar ein konkret plan for tiltaka. Det er nødvendig med konkretisering av materialvalg og plassering for å lage eit grovt kostnadsoverslag for utforming av informasjonen ved parkeringa og i tunet på Naturhuset. Dette vil danne grunnlaget for ein søknad om tiltaksmidlar. Vi vonar å få på plass ein plan i samarbeid med Naturhuset, før søknadsfristen 10. januar 2020.

Utsiktspunktet ved Vettisfossen

er i dårleg stand, og må enten fjernast heilt eller erstattast med ein ny og tryggare konstruksjon. Grunneigar er positiv til ei oppgradering/utskifting av utsiktsplattform og rekkverk innan området som er tilrettelagt i dag – jf. synfaring med NP-styret 21. juni i år. Årdal Utvikling har arbeidd med planar om ein ny installasjon (jf. presentasjon på styremøte), men dei har førebels ikkje kome fram til eit opplegg som grunneigar kan slutte seg til.
Utsiktsplattforma kjem truleg inn under kategorien «*større installasjoner som fugletårn mv.»,* der det blir stilt krav om *«en betydelig samfinansiering fra andre for å kunne prioritere tiltaket».* Vidare blir det understreka at eigarforhold og vedlikehaldsansvaret må vera avklara på førehand. Det blir derfor foreslått å utarbeide eit forprosjekt for å ha eit fagleg godt grunnlag for å kunne gå vidare med ein søknad om heil eller delvis finansiering av tiltaket. Forprosjektet må avklare forholdet til grunneigar, moglegheit for at fleire aktørar kan bidra til finansiering, og skissere planlagt tiltak med materialvalg og utforming. Ei tilrettelegging her føreset også at ein får på plass tilfredsstillande sikring ut mot kanten langs stigen og ved plattforma. Ein bør også oppgradere strekningane med rekkverk langs stigen opp lia frå Vetti.

Annan informasjon – samarbeid med andre

Reiselivslaga etterspør ofte informasjon, og plakatar om verneområda kan bidra i marknadsføringa og verdiskaping. Fokus på bestemte område kan også ha kanaliseringseffekt framfor område som blir mindre profilert.

Det er ønskjeleg å ha temabrosjyrer til dei som ønskjer meir utfyllande informasjon om naturkvalitetane i området. Ein ambulerande natursti til bruk ved arrangement og overfor skuleplasser har vore på tiltakslista over tid, og vil bli arbeidd vidare med når ein får betre kapasitet. I tillegg til tradisjonell informasjon med plakatar og brosjyre, bør det satsast meir på digital presentasjon av opplevingar i verneområda. Nettside med ny design bør på plass.

Informasjonssenter er eit tredje element i informasjonen. Samarbeid med Norsk Fjellsenter om ymse informasjonstiltak som geologisti og liknande kan prioriterast høgare når revisjon av forvaltningsplanen er fullført.

Kunnskapsgrunnlag og ivaretaking av verneverdiar

Det er og behov for auka kunnskap om verneområda, da eldre verneområde som Jotunheimen og Utladalen manglar omfattande kartleggingane av biologisk mangfald og brukarinteresser, som er standard i nye verneplanprosessar. Sårbarheitsvurdering og kartlegging av rovfugl som dekkjer heile verneområdet er teke inn som eit ledd i forvaltningsplanarbeidet. Ein har også fått utført betre samanstilling av kunnskapsgrunnlaget for villrein, og eit grunnlagsarbeid knytt til endra reglar for sykling og organisert riding. Med desse utgreiingane vil ein ha eit betre kunnskapsbakgrunn for revisjon av forvaltningsplanen, men det er fleire fagområde som bør få betre registreringar etter kvart som ein har kapasitet og ressursar. Det er t.d. ønskjeleg å arbeide meir med kulturminneregistreringar i samarbeid med dei respektive fylkeskommunane, både for å ta vare på kulturminna og for å kunne formidle historia til besøkande.

Brukarundersøking

Brukarundersøkingar for Jotunheimen har vore gjennomført i 1992, 2002 og 2010. Det er i år samla inn data for ny undersøking som kan vise eventuelle endringar som følgjer at den sterke

trafikkauken vi har opplevd i enkelte område av Jotunheimen. Brukarundersøkinga blir analysert og munnar ut i sluttrapport frå forskninga i 2020. Vi må kanskje søke tilleggsløyving til analyse og rapportskriving, da vi måtte bruke ein del av løyvinga til tenestekjøp på datainnsamlinga pga redusert bemanning i 2019.

Skjøtsel (skjøtselsbudsjett administrert av SNO):
Skjøtsel i Gjendebu og i Utladalen vert planlagt vidareført. Skjøtselstiltaka i Utladalen har gått over fleire år og er omfattande. Dei siste 4-5 åra er skjøtselen også utvida til Øvre Utladalen. Framlegg til skjøtselsplan har vurdert dei ulike skjøtselsområda i Utladalen og tilrår vidareføring, men rangerer også dei ulike områda. Skjøtselsplanutkastet menglar formell godkjenning, og arbeid med dette blir prioritert i 2020. Skjøtsel av kulturmark er svært ressurskrevjande og krev innsats over tid. Ei utviding betyr derfor at ein bind opp ressursar for åra framover, da det har liten hensikt å berre utføre eingongstiltak. Ved prioritering av skjøtselsområde vil styret samstundes gje signal om at tiltaket bør ha høg prioritet også i åra framover. Prioritering mellom tiltaksområde bør vere fagleg forankra i skjøtselsplanen. Ved eventuelt behov for prioriteringar må verneverdi ha stor vekt, og tiltak i samarbeid med aktive drivarar i landbruket vil også ha stor verdi for lokal forankring og bidrag til verdiskaping.

SNO og andre prioriterte aktivitetar
<u>Ferdselsteljing</u>
Forvaltninga kan bestille særlege fokusområde innan SNO gjennom innmelding på skjema. Ferdselsregistreringar blir vurdert som eit viktig verkemiddel for å kartleggje bruksmønster og hauste erfaringar, for å kunne vurdere tiltak for å skjerme sårbare område og styre ferdsel til mindre sårbare periodar.
Kunnskapen ein har fått gjennom teljingane på Knutshø i 2015-16 viste behov for å arbeide for å styre ferdselen meir mot seinsommaren og hausten, når fuglelivet er mindre sårbart overfor forstyrringar. Det foregår i dag organisert aktivitet som gjev svært stor utfart over Knutshøe i juni, som er ein sårbar periode (Rapport med sårbarheitsvrudering fugl i Aust-Jotunheimen). Teljar ved Knutshø vart i 2017 flytta til Besseggen-stigen for å få meir konkrete trafikktal her. Det vart prioritert ny teljing ved Knutshø i 2019, som følgje av massiv marknadsføring i media både i 2017 og 2018. Ferdsla hadde auka vesentleg, og det er ønskjeleg å halde fram registreringa på dette sårbare området. Teljar på stigen frå Spiterstuen mot Galdhøpiggen kunne ikkje prioriterast i 2019, og det er ønskjeleg å ha ny registrering i 2020, for å få betre samla trafikktal for Galdhøpiggen. Det er behov for teljar i Utladalen for å skaffe betre oversikt i eit svært trafikkert utfartsområde. Besseggen har hatt utplassert teljar over ein 3-årsperiode, og denne kan flyttast til Sognefjellet, for å følgje utviklinga etter tilrettelegginga av lågterskeltilbod med gangbru og opparbeidd gangveg.

<u>Kartlegging av stislitasje og administrasjon av stititiltak</u>
Tilrettelegging og vedlikehald av stigar er framheva som nødvendige tiltak i besøksstrategien Forslag til stigtiltak i tiltaksplan er basert på registrerte behov i felt. SNO har stor lokalkunnskag og kompetanse på praktisk stiskjøtsel, og sørgjer for best mogleg utnytting av tiltaksmidlane på dette området.

<u>Kontroll og registreringar</u>
Fleirårige motorferdselløyve og løyve med fleire turar årleg bør år om anna kontrollerast gjennom stikkontrollar, helst i tilknyting til påska. Ferdige byggetiltak bør kontrollerast opp mot gitt dispensasjon, og ny status for det aktuelle anlegget bør oppdaterast.
Registrering av sårbare artar bør vidareførast, m.a. med sjekk av utvalde hekkelokalitetar og oppfølging av situasjonen for villreinen i Vest-Jotunheimen. Stammen blir vurdert som svært sårbar. Dette er arbeid som i stor grad kan kombinerast med andre oppsynsoppgåver.

Oppsummering
Det er i tiltaksplanen lagt opp til at alle informasjonsplakatar må erstattast med nye i tråd med merkevaren, men behovet for nye stativ må vurderast på kvar enkelt plass. Ein må vera førebudd på å ta ut eller justere enkelte tiltak når ein ser endeleg tildeling. Enkelte av dei foreslåtte tiltaka kan gjennomførast med redusert nivå – t.d. redusere omfanget av skjøtsel,

eller ta ut att tiltak. På enkelte større tiltak kan det vera aktuelt med spleiselag med andre aktørar, slik at bidraget frå nasjonalparkmidlane kan justerast.

Styret blir og invitert til å koma med innspel når vi går gjennom tiltakslista i møtet.

Det er det nye nasjonalparkstyret (2020-2023) som gjer dei endelege prioriteringane, etter at midlane er fordelt av Miljødirektoratet på nyåret i 2020.

ST 44/2019 Eventuelt